

**Kvinnherad Senioruniversitet er trass i namnet og snittalderen påmedlemmer eitt av dei yngste, men også eitt av dei mest vitale laga i kommunen. Sidan skipinga i 2009 har ei lang rekkje eminente foredragshaldarar vore innom**

Publikumstilstrøyminga har vore svært god, frå omlag femti til nær 150. Eit vanleg møte har gjerne ein professor, ein politiker eller ein medieperson som gir ei populær framstilling frå fagfeltet sitt, og ein legg vinn på å få ei spennande spreiding i emneval gjennom året. I pausen får dei framømte ein matbit og noko i kruset. Til vanleg har desse møta vore om onsdagsføremiddagar ein gong i månaden og veksla mellom Husnes og Rosendal.Møta er opne for alle.

Årsmeldinga for 2012 syner at aktiviteten i laget og interessa for møta held seg. Emna har spreidd seg frå afrikansk politikk og nanoteknologi til samhandlingsreforma (ved statsråd Strøm-Erichsen),økologi, kropp og kjensler, for å nemna noko frå dei åtte møta. I tillegg har ein skipa til tur til vikingsenteret på Avaldsnes i mai og vore med på eldretreffet på Hatlestrand i oktober. Laget hadde ved årsskiftet 59 medlemmer,men har god plass til fleire.

På årsmøtet i februar takka Leiv Guddal nei til attval.Han har vore leiar sidan skipinga og skal ha mykje av æra for atlaget er i så god gjenge. Ny leiar er Grethe Brundtland. Ho sa ja til å bli vald fordi ho ser at laget er så velsmurt og vitalt, slik at det er berre å følgja opp dei gode rutinane som er lagde. Dei andre i det nye styret er:Tørris Skaaluren, Anfinn Otterå, Betty Støve og Reidar Kyrkjebø. Varafolk:Ansgar Bjelland, Elsa Helland og Alice Tuften.

Av Reidar Kyrkjebø